

Rettleiing for revisor sin særattestasjon

Om grunnstønad til nasjonalt arbeid til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, statsbudsjettets kap. 857, post 70

(Jf. føresegn om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar av 29. november 2007 med endring av 15. september 2009)

Denne rettleiinga er laga for organisasjonen sin revisor, og er meint å skulle gje ei rettleiing til dei ulike spørsmåla i særattestasjonen.

Det er viktig å være merksam på to ting:

- 1) Revisor skal berre nytte seg av denne særattestasjonen. Dei særattestasjonene som ikkje inneheld all informasjon utvalet ber om, vil ikkje verta godkjende, jf. føresegna sin § 30, fjerde ledd.
- 2) Revisor skal kontrollere organisasjonen sin system og rutinar, og på den måten gjere organisasjonen i betre stand til å ha ein god internkontroll og kunne levere søknader med korrekte opplysningar.

Gjennomgang av dei ulike delane i særattestasjonen

1. Stadfesting av tala i organisasjonen sin søknad

”Underskrivne har kontrollert dei tilhøve som er opplista i punkta 1.1 til 5.2 i tilknytning til _____ (organisasjonens namn) og dykkar søknad om nasjonal og internasjonal grunnstønad, datert __ . __ . __ , som viser ____ teljande medlemmer (jf. § 6), ____ teljande lokallag (jf. § 9), og ____ fylker med teljande lokallag. Alle tala er per 31. desember i grunnlagsåret (jf. § 5).”

Dette feltet er sett inn i særattestasjonen for å sikre at organisasjonen ikkje gjev ulike tal til revisor og Fordelingsutvalet. Revisor skal difor fylle inn i dei tome felte dei tala som organisasjonen fyller inn i søknaden om grunnstønad til nasjonalt arbeid, også i dei tilfelle der tala vert endra etter revisor sin gjennomgang. Dersom revisor oppdagar avvik i sin kontroll som tilseier at tala i søknaden skal endrast, skal dette berre seiast frå om i særattestasjonen. Fordelingsutvalet vil deretter føreta dei naudsynlege endringane.

2. Stadfesting om at revisor har lese og sett seg inn i kapittel 2, 6 og 7 i føresegna

”Underskrivne har lese og sett seg inn i kapittel 2, 6 og 7 (Føresegn om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar av 29. november 2007 med endring av 15. september 2009) – Kryss av om så er korrekt”

Revisor må sette seg inn i kapittel 2, 6 og 7 i føresegna, og krysse av på dette punktet når det er gjort. Særattestasjonar der dette punktet ikkje er kryssa av, vil ikkje bli godkjent.

3. Vedrørande avkryssing for ja/nei

Det er ingen riktige eller feil svar. Det viktigaste med denne særattestasjonen er at revisor gjev utvalet eit korrekt bilete av korleis situasjonen er i den aktuelle organisasjonen. Deretter kan

utvalet, og eventuelt revisor, gå i dialog med organisasjonen, og sørgje for at organisasjonen rettar opp eventuelle feil eller manglar.

4. Vedrørande teljande medlemmer

”1.1 Har organisasjonen eit sentralt medlemsregister? (jf §§ 6, 8 og 25)”

Kva ein meinar med eit sentralt medlemsregister går frem av føresegna sin § 25.

NB! Organisasjonar som berre har lokal kontingentinnkrevjing har ofte også berre manuelle medlemslister. Disse listene kan innehalde mange medlemmer, og det er då ein nærast umogeleg oppgåve å få overført all denne informasjonen til eit eige register. I disse tilfella godtek utvalet at organisasjonen fører ei eiga liste over kor mange teljande og andre medlemmer det finst i dei ulike lokallaga. Denne lista fungerer då som organisasjonen sitt medlemsregister, saman med medlemslistene.

”1.2 Ligg det føre ei oversikt (ei utskrift frå medlemsregisteret eller ei manuelt førd liste) over dei medlemmane som skal reknast som teljande medlemmer i tilskotsåret? (Dersom ja, svar også på spørsmåla 1.2.1 og 1.2.2)”

For at utvalet skal kunne plukke ut enkeltmedlemmer, for kontroll av om kvar enkelt har betalt kontingent, er det best om organisasjonane har ei eiga oversikt over dei medlemmane som skal reknast som teljande i det gjeldande tilskotsåret. Denne oversikta kan vere ei utskrift frå medlemsregisteret, eller ei manuelt førd liste. I dei tilfella der organisasjonen har lokal kontingentinnkrevjing, kan det også være ei liste over kor mange medlemmer i dei enkelte lokallaga som vert rekna som teljande (sjå punkt 1.1).

Det er ingen krav i føresegna om at organisasjonane har ei slik oversikt, men det er til stor hjelp for utvalet i vårt kontrollarbeid. Likevel er det revisor si oppgåve å forhøyre seg med organisasjonen om dei har ei slik oversikt eller ikkje.

”1.2.1) Inneheld denne oversikta fødselsår for kvart enkelt medlem?”

Utvalet ynskjar å vite kva slags opplysningar som finst i oversikta. I dei fleste medlemsregistra kan ein spørje om å få ei utskrift basert på ulike kriterier. Dette kan vere på bakgrunn av talet betalende medlemmer, talet medlemmer under 26 år eller liknande. Dersom oversikta er skreven ut på bakgrunn av ei spørjing som nemnd ovanfor, og fødselsåret for kvart enkelt medlem ikkje står spesifikt i oversikta, svarar revisor nei på dette punktet.

”1.2.2) Inneheld oversikta informasjon om innbetalt kontingent for grunnlagsåret?”

Det same gjeld for dette spørsmålet. Dersom oversikta er skreven ut som ei spørjing på medlemmer som har betalt kontingent i grunnlagsåret, og det dermed ikkje står når og om kvart enkelt medlem har betalt kontingent for grunnlagsåret, svarer revisor nei på dette spørsmålet.

”1.3) Korleis krev organisasjonen inn kontingenten?”

Det har vore mykje uklarleik rundt dette spørsmålet i utfyllinga av særattestasjonane tidligare år. Utvalet ynskjer difor at revisor kryssar av for om organisasjonen har berre lokal, berre sentral eller både lokal og sentral kontingentinnkrevjing.

I dei tilfella der ein organisasjon har sentral kontingentinnkrevjing og i tillegg nokre lokale vervingar der pengane sendast til sentralleda, skal revisor krysse av for berre sentral innkrevjing.

4.1 Vedrørende lokal kontingentinnkrevjing

”1.4) Oppbevarer organisasjonen medlemslister frå lokallaga i sentralledet?”

Etter føresegna sin § 25 skal det ved lokal kontingentinnkrevjing først eigne medlemslister. Desse skal haldast i sentralledet. Revisor skal, ved hjelp av ein stikkprøvekontroll eller ved å spørje leiinga i organisasjonen, sjekke om listene fysisk er i sentralledet.

NB! Revisor skal ikkje kontrollera innhaldet i listene eller telle kor mange medlemslister organisasjonen har, berre kontrollera om medlemslistene fysisk er hos sentralledet.

”1.5) Inneheld medlemslistene nødvendig informasjon, så som adresse, fødselsår og om medlemmene har betalt kontingent for grunnlagsåret?”

I føresegna sin § 25 fjerde led heiter det: *”Ved lokal innkreving skal det enkelte lokalledd føre liste over tellende medlemmer. (...) Av listen må det fremgå namn, adresse, fødselsår og om medlemmet har betalt kontingent for grunnlagsåret. (...)”*

Nokre organisasjonar har standardiserte medlemslister, mens andre har ad hoc lister laga av dei enkelte lokallaga. Revisor bør ta stikkprøvar for å få eit inntrykk av kva slags type medlemslister lokallaga sender inn. Revisor bør eventuelt komme med forslag til forbetringar, og gjerne i samråd med Fordelingsutvalet sitt sekretariat.

NB! Revisor skal ikkje kontrollera at alle medlemslistene inneheld den naudsynlege informasjonen. Det er Fordelingsutvalet si oppgåve.

4.2 Vedrørende sentral kontingentinnkrevjing

”1.6) Oppbevarer organisasjonen dokumentasjonen for kontingentinnbetalingane av kvart enkelt medlem i sentralledet (bank-/postgiroar, OCR-lister, kvitteringar, egne førte medlemslister ved kontant betaling og liknande)?”

I fylgje føresegna sin § 25 skal sentralleden i organisasjonen oppbevare dokumentasjon for innbetalt årskontingent for alle teljande medlemmer. Revisor skal, ved hjelp av ei stikkprøvekontroll eller ved å spørje leiinga i organisasjonen, kontrollere at dokumentasjonen fysisk oppbevarast sentralt.

NB! Revisor skal ikkje kontrollere innhaldet i dokumentasjonen eller telle kor mange innbetalingar organisasjonen har. Det er Fordelingsutvalet si oppgåve.

”1.7) Er det mogeleg å finne fram til denne dokumentasjonen for kvart av dei teljande medlemmene i medlemsregisteret? (Revisor kan basere sitt svar på ein stikkprøvekontroll, men må da beskriva denne og føre opp resultatet på siste side)”

Ved hjelp av ein stikkprøve, skal revisor finne fram til kontingentinnbetaling for eit mindre tal medlemmer ved å gå frå medlemsregisteret eller oversikten (som nemnd i punkt 1.2). Revisor skal kommentere eventuelle problem med å finne fram til kontingentinnbetalingane i kommentarfeltet til slutt i særattestasjonen.

”1.8) Inneheld organisasjonen sine innmeldingsblankettar informasjon om fødselsår?”

Revisor skal kontrollere alle formar for innmeldingsblankettar som brukast ved innmelding, også elektroniske. Dersom alle formane for innmeldingsblankettar inneheld informasjon om fødselsår, skal revisor svare ja.

4.3 Generelt kring teljande medlemmer

”1.9) Er det ved utrekning av det talet teljande medlemmer som er oppgjeve i søknaden berre teke med medlemmer som var under 26 år pr. 31. desember i grunnlagsåret?”

Revisor skal kontrollere at organisasjonen brukar dei rette kriteria når dei summerer talet teljande medlemmer.

”1.10) Er summen av teljande medlemmer og medlemmer totalt i medlemsregisteret for det gjeldande grunnlagsåret i samsvar med tala i søknaden?”

Revisor skal kontrollere at organisasjonen har ført opp rette tal i søknaden i høve til det som er registrert i medlemsregisteret til organisasjonen, eventuelt i oversikta for dei organisasjonane som har lokal kontingentinnkrevjing. Dersom det ikkje er samsvar mellom tala, skal revisor kommentere i kommentarfeltet til slutt i særattestasjonen.

”1.11) Er kontingenten for teljande medlemmar på minimum kr. 50,-?”

Etter føresegna sin § 8 kan departementet fastsetje ein minstesats for medlemskontingent. Frå grunnlagsåret 2008 vil han vere på kr. 50,-. Fordelingsutvalet ynskjer at revisor svarar på om organisasjonen har ein slik minstesats for kontingenten. I føresegna sin § 42 er det ei overgangsordning som gjer at organisasjonane kan innføre minstesatsen over fleire år. Vi ynskjer berre å finne ut av korleis situasjonen er i organisasjonen per 31. desember i grunnlagsåret. Revisor kan hente inn opplysningane ved å spørje organisasjonen og eventuelt be om å få sjå vedtaket i protokoll frå landsmøte, styremøte og liknande.

5. Vedrørande teljande lokallag

”2.1) Har organisasjonen eit eige årsrapportskjema for lokallag? (Dersom ja, svar også på spørsmål 2.1.1)”

Det er eit krav at kvart lokallag organisasjonen tar med i søknaden, skal ha sendt inn årsrapport. Likevel har utvalet praktisert at organisasjonane kan bruke andre typar skjema/dokumenter (som årsmelding og liknande) dersom dei inneheld dei naudsynlege opplysningane i føresegna sin § 10.

Revisor svarar nei dersom organisasjonen ikkje har eit eige årsrapportskjema. Revisor kan likevel svare ja dersom organisasjonen har eit årsrapportskjema som også kan innehalde andre opplysningar enn dei i føresegna sin § 10.

2.1.1) Inneheld skjemaet alle dei naudsynlege opplysningane i § 10?

Dersom skjemaet inneheld alle dei naudsynlege opplysningane, skal revisor svare ja. Dersom skjemaet manglar ein eller fleire av opplysningane, skal revisor svare nei. Revisor må då fortelje om dei opplysningane som manglar.

”2.2) Samsvarar det talet teljande lokallag som er førd opp i søknaden med talet årsrapporter som er oppbevart sentralt for det gjeldande grunnlagsåret? (Revisor kan basere sitt svar på ein stikkprøvekontroll. Revisor må då nedanfor føre opp talet på årsrapportar som vart trekt ut.)”

Fordelingsutvalet har, frå og med tilskotsåret 2003, sett som eit krav at organisasjonane berre skal skrive opp i søknaden dei lokallag som dei har fått inn årsrapport frå ved søknadstidspunktet.

Revisor skal difor forsikre seg om at det er så mange årsrapportar i sentralleden for det gjeldande grunnlagsåret som det talet lokallag organisasjonen har ført opp i søknaden. Det ideelle ville vore om revisor talde alle årsrapportane, men utvalet vil også godta at revisor tar ein stikkprøvekontroll i større organisasjonar. Utvalet set ingen grense for når det er føremålstenleg for revisor å berre føreta ein stikkprøvekontroll, og vil la det være opp til kvar enkelt revisor.

NB! Revisor skal ikkje kontrollere om innhaldet i kvar av årsrapportane er i samsvar med føresegna sitt krav. Det er utvalet sin jobb. Revisor skal berre telje eller ta ei stikkprøve av talet av årsrapporter.

”2.3) Ligg det føre årsrapport for minst eitt teljande lokallag frå kvart fylke organisasjonen seier dei har lokallag i, underteikna av laget sin leiar?”

Revisor skal kontrollere at det i sentralleden fysisk ligg føre minst éin årsrapport frå kvart av dei fylka organisasjonen seier dei har teljande lokallag i. Årsrapporten må vere for grunnlagsåret. Revisor skal heller ikkje her realitetshandsama kvar årsrapport, berre forsikre seg om at dei finst i sentralleden.

Frå 2008 kan enten styreleiar eller to styremedlemmer underteikne årsrapportene.

6. Vedrørande sentrale kurs

”3.1 Oppbevarar organisasjonen dokumentasjon for dei sentrale kursa i sentralledet (sjå § 27)?

I samsvar med føresegna §§ 24 og 27 skal sentralledet i organisasjonen oppbevare dokumentasjon for alle sentrale kurs. Revisor skal, med hjelp av ei stikkprøvekontroll eller ved å spørje organisasjonen si leiing, undersøke om dokumentasjonen fysisk vert oppbevart i sentralledet.

NB! Revisor skal ikkje kontrollere innhaldet i dokumentasjonen. Det er Fordelingsutvalet si oppgåve.

”3.2 Stemmer det talet på sentrale kurs som er førd opp i søknaden overens med talet på kurs det vert oppbevart dokumentasjon for i det gjeldande grunnlagsåret? (Revisor kan basere sitt svar på ei stikkprøvekontroll. Revisor må da fortelje kor mange organisasjonar som vart trekt ut.)”

Revisor skal enten sjekke at det ligg føre dokumentasjon for alle kursa som er tatt med i søknaden eller gjennomføre ei stikkprøvekontroll. Revisor skal ikkje kontrollere om innhaldet i dokumentasjonen tilfredsstillar krava i føresegna. Det er Fordelingsutvalet si oppgåve. Revisor skal i staden forsikre seg om at det ligg føre kursinvitasjon, program, deltakarliste og beskriving av korleis sentralledet er fagleg og økonomisk ansvarleg for dei kursa revisor kontrollerar.

7. Vedrørande sentralstyrets samansetnad

”4.1) Tek organisasjonen vare på dokumentasjon for styrets samansetnad i sentralledet (sjå § 28)?”

I fylgje føresegna si § 28 skal sentralledet i organisasjonen ta vare på dokumentasjon for sentralstyret sin samansetnad. Dette kan være eit ark med opplysingarom namn, kjønn, fødselsår og innvelgingstidspunkt for dei personane som var medlem av sentralstyret per 31. desember i grunnlagsåret. Dette gjeld ikkje varamedlemmer, kun faste medlemmer. Revisor skal, med hjelp av ein stikkprøvekontroll eller ved å spørre organisasjonens ledelse, undersøkje om dokumentasjonen fysisk ligg føre i sentralledet. Revisor treng ikkje kontrollere kor vidt personane i sentralstyret oppfyller krava til alder, jf. føresegna si § 16 tredje ledd b).

”4.2) Har organisasjonen ein årsmøteprotokoll som syner styrets samansetnad?”

Det er ikkje krav at dette skal ligge føre, men i tråd med føresegna sin § 24 fyrste ledd kan utvalet be om ytterligare dokumentasjon for å sjå om opplysningene om styret sin samansetnad er ekte. Utvalet ynskjer kun å vite om det forelegg ein årsmøteprotokoll i sentralleddet. Revisor treng ikkje kontrollere at opplysningane i årsmøteprotokollen og ei eventuell liste over styremedlemmene stemmer overeins. Det er Fordelingsutvalet si oppgave.

8. Vedrørande internasjonale kurs

”5.1 Tek organisasjonen vare på dokumentasjon over internasjonale aktivitetar i sentralleddet (sjå § 29)?

I samsvar med føresegna §§ 29 skal sentralleddet i organisasjonen oppbevare dokumentasjon for alle internasjonale aktivitetar. Revisor skal, med hjelp av ei stikkprøvekontroll eller ved å spørje organisasjonen si leiing, undersøke om dokumentasjonen fysisk vert oppbevart i sentralleddet.

NB! Revisor skal ikkje kontrollere innhaldet i dokumentasjonen. Det er Fordelingsutvalet si oppgave.

”5.2 Stemmer talet på internasjonale aktivitetar som er førd opp i søknaden overens med talet på internasjonale aktivitetar sentralleddet tek vare på dokumentasjon for i det gjeldande grunnlagsåret? (Revisor kan basere svaret på ein stikkprøvekontroll. Revisor må då oppgje talet som vart kontrollert)”

Revisor skal enten sjekke at det ligg føre dokumentasjon for alle aktivitetane som er tatt med i søknaden eller gjennomføre ei stikkprøvekontroll. Revisor skal ikkje kontrollere om innhaldet i dokumentasjonen tilfredsstillar krava i føresegna. Det er Fordelingsutvalet si oppgave. Revisor skal i staden forsikre seg om at det ligg føre kursinvitasjon, program, deltakarliste og beskriving av korleis sentralleddet er fagleg og økonomisk ansvarleg for dei kursa revisor kontrollerar.

NB!

Organisasjonane må sørgje for at denne rettleiinga vert oversend til sin revisor.

Fordelingsutvalet oppfordrar organisasjonane sine revisorar til å ta direkte kontakt med utvalet sin sekretariat dersom dei har ytterligare spørsmål vedrørande særattestasjonen og/eller forståinga av denne.